



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Maritim og teknisk komite
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	16.02.2016
Tid:	15:00 – 16:00

Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leder	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Anja Pedersen	Medlem	FRP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Olaug Andreassen	Medlem	AP

Forfall:

Runar Stave	NESTL	AP
Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møtte:

Bjarne Kvalsvik	Frank Roy Moltu	FOLK/SP
-----------------	-----------------	---------

Andre:

Politisk sekretær Hilde B. Skinnes
Leiar for utviklingsavdeling Jarl Martin Møller
Byggesaksbehandlar Marie Voldsund

Maritim og teknisk komite ønskjer sak om taretråling sett på saklista i komande møte.

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Anja Pedersen og Bjarne Kvalsvik

Innspel til trafikktryggingsplanen:

Det har kome merknader om at gjerde manglar ved inngang til tunnelen i undergangen i Tjørvåg. Gjerde er ødelagt og må reparererast eller erstattast.

Opning i rekkverket på gang- og sykkelvegen, på Lilleneset i Tjørvåg, manglar.

Ved tunnelen i Sævikane manglar det lys ved buss-skuret.

Det manglar lys ved overgangsfelt i Tjørnvåg – Coop og ved gamle Smedvik mekaniske

Anja Pedersen

Idar Tarberg
underskrifter

Bjarne Kvalsvik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 6/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 7/16	Protokoll frå førre møte.
PS 8/16	Delegerte saker
PS 9/16	Økonomisk avslutning - Trafikktryggingstiltak - Veglys skuleområdet på Bergsøy
PS 10/16	Fosnavåg Butikkeiendom as - 38/22 - søknad om dispensasjon frå detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda vedr etg på bygg og plassering av nytt bygg
PS 11/16	Inger Marie Krogstad og Tommy Sollibakke 26/229 - Klage på vilkår om kotehøgde i løyve til oppføring av einebustad
PS 12/16	Gnr 29 Bnr 338 Søknad om grensejustering av eksisterande eigedom

Delegerte saker frå avdelingane

DS 41/16	Harald Hoddevik 56/62 - Løyve til oppføring av garasje som tilbygg til bustad
DS 42/16	Lene Voldsund og Daniel A. Muren 13/115 - Mellombels bruksløyve
DS 43/16	Westplast AS 25/47 - Rammeløyve for utlegging av betongflåte og dispensasjon frå reguleringsformål
DS 44/16	Ferdigatteast - veg og teknisk anlegg - 22/72
DS 45/16	Simen Snarud 59/21 - Ferdigattest
DS 46/16	Rogne AS 26/0 - Ferdigattest
DS 47/16	Gnr 16 Bnr 2 - Frådeling av bebygd eigedom
DS 48/16	Henriette Sjøstad og Stian Belden - 45/154 - Igangsettingsløyve
DS 49/16	Ferdigattest - 60/430 - seksjon nr 1 og 2
DS 50/16	Christian Voldnes - 56/55 - Tilbygg
DS 51/16	Sentrumsteigen as - 34/99 - IG betongelement, rørleggerarbeid og heis
DS 52/16	Gnr 25 Bnr 85 - Frådeling av tomt til næringsformål
DS 53/16	Gnr 33 Bnr 1 Fnr 8 - Etablering av sjølveigartomt frå festenummer

PS 6/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 7/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 8/16 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre.

PS 9/16 ØKONOMISK AVSLUTNING - TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK - VEGLYS SKULEOMRÅDET PÅ BERGSØY

Møtebehandling i Maritim og teknisk komite – 16.02.2016:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 16.02.2016

1. Prosjektrekneskapen for 50015 nye veglys ved skuleområdet på Bergsøya, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 104.838,-
2. Mindreforbruket på **kr 55.162,-** vert overført til trafikktryggingsmidlar for 2016, anvarsnummer 5011 og funksjonsnummer 301.

**PS 10/16 FOSNAVÅG BUTIKKEIENDOM AS - 38/22 - SØKNAD OM
DISPENSASJON FRÅ DETALJREGULERINGSPLAN FOR EGGESBØJORDA VEDR
ETG PÅ BYGG OG PLASSERING AV NYTT BYGG**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 16.02.2016

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt dispensasjon frå detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda gnr 38, bnr 22 m fleire – planid 201304. Det vert gitt dispensasjon frå punkt 4.1.2 og 4.1.3 – det kan førast opp bygg på eitt plan og det kan plasserast 3,9 m utanfor byggegrense i vestleg hjørne.

Dispensasjonane vert grunngjevne med at det er vilkår om oppføring av bygg i samsvar med planen i eit byggetrinn 2 og at omsøkt plassering vil sikre ein god og trygg trafikal situasjon på arealet rundt nytt bygg utan at det påverkar nokon eller planen forøvrig.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

**PS 11/16 INGER MARIE KROGSTAD OG TOMMY SOLLIBAKKE 26/229 - KLAGE
PÅ VILKÅR OM KOTEHØGDE I LØYVE TIL OPPFØRING AV EINEBUSTAD**

Møtebehandling:

Byggjesakshandsamar Marie Voldsund orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 16.02.2016

Maritim og teknisk komité opprettheld delegert vedtak 403/15 datert 04.12.2015 då ein ikkje kan sjå at klagen har ført med seg nye moment som gir grunnlag for endra vedtak i saka.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd, jfr fvl § 33 fjerde ledd.

**PS 12/16 GNR 29 BNR 338 SØKNAD OM GRENSEJUSTERING AV
EKSISTERANDE EIGEDOM**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 16.02.2016

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL. §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av tilleggsareal til bustadformål frå gnr. 29 bnr. 87 til bnr 338.

Avslaget er grunngjeve med at tiltaket strider med gjeldande kommuneplan og at ein dispensasjon som omsøkt vil tilsidesetje omsyna til bestemmelsen.

MØTET SLUTT!